

Ei vedkjennande folkekyrkje

Å vedkjenne si tru – og å vedkjenne seg sitt oppdrag

Av Edvard Hoem

Kyrkjemøtet i Kristiansand, april 2013

Kjære forsamling,

Som kanskje alle veit, var det Inge Lønning som skulle stått her, på denne talarstolen akkurat no, og han skulle ha snakka om temaet: *Ei vedkjennande folkekyrkje*.

Inge Lønnings stemme har stilna, og den norske kyrkja har lidd eit stort tap. I takksemnd og respekt for hans innsats har eg sagt ja til tilbodet om å få overta hans taletid, og eg skal få lov til å koma med nokre refleksjonar over det emnet som også han skulle ha snakka om.

Men for å gjera det tydeleg at min innfallsvinkel nødvendigvis er ein annan enn hans, har eg valt ein annan undertittel. I staden for spørsmålet: *Ei kyrkje - eitt folk?* vil eg ta utgangspunkt i ordparet: *å vedkjenne tru og å vedkjenne seg sitt oppdrag*, det transitive og det refleksive verbet som i alle fall i nynorsk språkbruk inneheld ei indre spenning. Samtidig dekker det på ein framifrå måte den oppgåva som kyrkja bør ha i det norske samfunnet også i framtida. Eller for å seia det så enkelte og liketil som ein gjorde før: Forkynne evangeliet og ha omsorg for menneska.

Kan det vera slik at somme ser ei motsetning mellom det å vera ei sann, vedkjennande kyrkje og det å vera ei kyrkje også for menneske som ikkje kan slutte seg til eit personleg vitnemål og vedkjenne ei personleg tru, men som likevel av ulike grunnar, held oppe sitt kyrkjemedlemskap, døyper barna sine og ønsker seg ei kristen gravferd?

Kan det vera slik at somme lengtar etter ei *reinare* kyrkje, ei kyrkje som ikkje inneheld så mykje vammelt trusliv, så mykje tvil, så mykje passivitet, som også kan vera ei *tydelegare* kyrkje, eit samfunn av dei heilage, ei forsamling av dei som verkeleg trur?

Eg vågar den påstanden at ei slik kyrkje neppe finst i heile verda, og at vi for alltid må leva med at kyrkja vil vera ein høgst skrøpeleg og mangelfull jordisk organisasjon, med medlemmer og forvaltarar som ikkje alltid lykkast med sitt oppdrag.

Å vedkjenne eller bekjenne, å erklære at ein held noko for å vera sant, vil også innebera at ein tilstår, vedgår og innrømmer at ikkje alt er som det skal vera. Vi vedkjenner trua, men vi vedkjenner også syndene våre. Ei vedkjennande kyrkje må forkynne evangeliet, men vedkjenne seg sitt oppdrag og sin skyldnad blant alle dei som forstår det språket kyrkja forkynner på. Den same kyrkja må også vedkjenne seg sine mistak, sin ufullkomne tilstand og si ufullkomne evne til å utføre det guddommelege ærend i verda som det er å forkynne evangeliet. Men så viseleg er det innretta, at jo nærare kyrkja står menneska, jo lettare vil det vera å finne vegen framover, fordi det er blant menneska ein finn den åndelege lengten og det åndelege saknet som kyrkja skal koma i møte.

Den norske kyrkja vedkjenner seg sitt heilt spesielle ansvar og sitt heilt spesielle oppdrag, som er å vera kyrkje i det norske samfunnet, der den har hatt plassen sin i tusen år. Av ein eller annan grunn er denne historiske dimensjonen, denne historiske realiteten lite framme i lyset, og eg må derfor

bruke dyrebar tid på å minne om den. Kyrkja har eit historisk ansvar overfor det norske folket, og dette ansvaret har den norske kyrkje ingen rett til å stikke frå, sjølv om ein aldri så mykje lausnar banda til den norske staten og til andre samfunnsinstitusjonar. Ja, sjølv når alle samband til det sekulære samfunnet er skorne over, er det kyrkjelege oppdraget der, ansvaret for det norske folks åndelege liv, for at det blir bygd gode samfunnsinstitusjonar som tar vare på menneska, og dette ansvaret blir ikkje mindre, det blir større. Dersom det kjem til ein situasjon der ikkje kyrkja lenger kan oppretthalde sin noverande plass i sjukeheimar og sjukehus, i kasernene og i fengsla, blir denne forpliktinga ståande fast.

Den norske kyrkja er innsydd i og innvikla i eit tusenårig mellomverande med det norske folket. Vi står med begge beina planta i ein tradisjonssamanheng, der kyrkja tradisjonelt har vore tilstades, for eit overveldande fleirtal, ved alle dei store vendepunkt i menneskelivet.

Frå mange hald blir det hevda at heile situasjonen er endevendt, fordi i lever no lever i eit multikulturelt og multireligiøst samfunn, der kyrkja må legge av seg sine lovfeste og nedarva privilegium og opptre som eit religiøst samfunn på linje med alle andre trussamfunn. Sidan det blir sådd tvil om det, vil eg presisere at eg ikkje ønsker noka lovmessig særstilling for Den norske kyrkja. Men eg vil kjempe for at den kristne og humanistiske arven framleis skal vera fastslått i paragraf 2 i grunnlova. Det forundrar meg og utfordrar meg at det blir blåse til omkamp også om denne paragrafen, som vart oppfatta som eit kompromiss, straks den er sett ut i livet.

Det er jo sant at sekulariseringa er langt framskriden, at den kristne verdsforståinga har vike plassen for ei vitskapleg verdsforståing, at søndagen for dei fleste nordmenn ikkje er ein helgedag, men ein fridag, og at dei kristne grunnbegrepa om synd og nåde er blitt eit Kanaans språk også for dei aller fleste av dei som er kyrkjemedlemmer.

Eg kjenner det som mi plikt å minne om at ein, når ein legg av privilegia, også fort kan koma til å stikke av frå eit ansvar som ligg i ein så lang kyrkjetradisjon, som er så nært knytt til eit folks historie.

Dei første tause vitnemål om kristendommen i Norge finst i graver langs kysten frå 900-talet. Det var fredens evangelium som nådde lengtande sjeler også her. Reisande nordmenn hadde fått høyre budskapet om Kvite-Krist og tok den med til våre heimlege strender. Så veit vi ein heil del om korleis vald og makt vart brukt for å nedkjempe åsa-trua, etablere kristne kyrkjer der gudehova stod og innføre ein kristenrett som innebar sivilisatorisk framgang på mange område, samtidig som den var gjennomsyra av barbariske straffer og tenkemåtar.

Opp igjennom mellomalderen greidde kyrkja å tilrane seg ein tredjedel av alt norsk jordegods, og erkebiskopen i Trøndelag var Norges største tørrfiskhandlar. Utanfor kyrkja fanst ingen ting anna enn vantru og evig fortaping.

Men den gong som no: Det fanst menneske som streva etter leva eit fromt liv med bøn og gode gjerninga. Kyrkja løfta ein himmel over livet og gav eit håp i det evige, den forkynte eit mysterium som slo rot i menneskelivet.

Så kom lutherdommen med opprydding i teologiske villfaringar og avlatshandel, før heksebrenninga sette inn, og hemnens sverd med kyrkjeleg velsigning igjen svinga over store og små lovbrytarar, barnemordersker, tjuvar og kjeltringar. Og slik vingla kyrkja avgarde, med si hundreårige blandingsbør av djup gudsfrykt og brutale overgrep. Det er vår kyrkjes historie, og vi kjem ikkje unna den. Dei kyrkjelege overgrepa toppa seg i angiveriet som Hans Nielsen Hauge vart utsett for og det ynkelege samarbeidet mellom delar av det norske presteskapet og politiet, som slo ned ei rettferdig og kristeleg inspirert arbeidarrørsle og dømde leiarane til lange fengselsstraffer. Det er kome for lite fram at i den store flokken som reiste over havet til Amerika, var det ei rekke thranittar og haugianarar, som ville koma seg unna politisk og religiøs trakassering. Dette er ein mørk kyrkjeleg arv

som ein burde granske og kanskje be om tilgiving for.

Samtidig levde den haugianske folkerørsla som ei sterk åndsmakt i mange lokalsamfunn i det 19. og langt inn i det 20. hundreåret. Det skjedde eit frambrot for ein ny religiøs individualisme, der personleg fromheit og gudsfrykt kom i sentrum. Haugianismen var samtidig ei sosial reformrørsla, der arbeidet for timeleg velferd gjekk hand i hand med det åndelege. Saltutvinning og sagbruksdrift høyrde med saman med forkynninga, og den personlege vedkjenninga stod ikkje i vegen for arbeidet for materiell framgang og velferd. Haugianismen var eit opprør mot den hierarkiske samfunnsordenen i eit embetsmannsstyrt samfunn, der Gud var øverst, kongen under han og presten Guds og kongens tenar som skulle vise dei umyndige og uforstandige soknebarne vegen til den rette trua. Med Hauges vekking var det opna ein direkte veg til Gud og det guddommelege. Vedkjenninga vart ei personleg sak, ei sak mellom enkeltmennesket og Gud.

I dei haugianske forsamlingane, på Hauges tid var det ingen som meinte at kvinnene skulle teia i forsamlinga. Den patriarkalske og autoritære tankemåten kom inn i dei kristne lekmannsforsamlingane igjen da delar av presteskapet etter kvart tok over leiinga for organisasjonane. I kampen mot det som vart kalla den moderne vantrua fann det pietistiske lekfolket og den ortodokse embetstradisjonen eit felles grunnlag. Derfor tok det enda hundre år før den norske kyrkja kunne vigsle den første kvinnelege biskopen.

Dette er det brokete religiøse landskapet som er vårt. Vi som lever no, kan ikkje legge bak oss at den norske kyrkja har ei slik historie, på godt og vondt.

Den kristne tradisjonen i Norge, med alle feilgrep og mistak, er likevel så sterk at eit stort fleirtal av dei som lever no, gjerne vil halde på sitt kyrkjemedlemskap.

Eg veit at somme først og fremst vil tilskrive dette vanens makt, og kanskje er det i alle samfunn slik at ein del menneske sluttar opp om dei dominerane religiøse ritane. Men enda viktig-are er det at mange menneske, utan å snakke så mykje om det, lever i ein stor livssamanheng under ein høg himmel. Ein vil at barna skal få kjennskap til det forfedrane trudde på, om ein ikkje sjølv kan gjera greie for med ord kva som bind ein til kyrkja. Eg meiner at det i dette er *ei tillitserklæring* frå folket til kyrkja, som både burde forundre og glede, og som kyrkja må vise seg verdig.

Den norske kyrkja har ikkje lov til å springe frå si fortid og redusere seg sjølv til ei religiøs forsamling på linje med alle andre religiøse samfunn som opptre i vårt land.

Dei passive og tause medlemmene må få reell innverknad og medverknad i kyrkja. Det demokratiske innhaldet i kyrkjelege valprosessar må styrkast, og kandidatane må få eit ansikt, slik at ikkje berre dei innvigde kan stemme på folk dei kjenner. Eg har som forfattar i seinare år gjort hundrevis av reiser i Norge, og halde hundrevis av foredrag også i kyrkjene. Eg har eit overveldande og rørande inntrykk av at folket utover i landet er glade i kyrkjene sine og stolte over dei, og vil ta hand om dei og støtte dei. Men kyrkja må opne for dei og minne dei som dei rettane dei har som døypte medlemmer, og også dei plikter dei bør aksle for å styrke banda til kyrkja, der dei lever og bur.

Det er fleire historiske realitetar som knyter folkefleirtalet til kyrkja. I det daglege tenker ein ikkje så mykje over det, men i minst tre avgjerande situasjonar i nyare historie har kyrkja vist seg å vera tilliten verdig:

Kyrkja var utgangspunkt og samlingspunkt i den historiske omveltinga i 1814, som vi snart skal feire jubileum for. Det kristne lekfolket var med på å drive fram den politiske og nasjonale prosessen som førte fram til eit sjølvstendig Norge, og sjølv presteskapet stilte seg på den rette sida i 1905. Så er det ei tredje sak som kanskje er enda viktigare: Det er kyrkja si rolle under den andre verdskrigen. Da bestod den norske kyrkja prøva, i kampen mot nazismens barbari.

Det er dette perspektivet vi ikkje har råd til å sleppe av syne. Djupt i vårt daglege samfunnsliv går dei understraumane av åndsmakt som kristendommen har sleppt laus i dette landet. Dei kristne arven er enno underteksten i livet for mange nordmenn. Det er den som har skapt vårt metaforiske landskap, for å sitere teologen Nortrop Frye. Dei kristne formasjonane ligg der i sinnet vårt, og i livets høgtidsstunder høyrer vi alle klokkeklangen og songen frå ei som var her før. Det evangeliet kyrkja forvaltar, er kome på ein viss avstand, men det er ikkje grunnleggande framandt.

Å vera ei vedkjennande folkekyrkje innber at kyrkja skal vera på alle samfunnsarenaer, av den enkle grunn at evangeliet er for alle menneske. Det norske folket treng i desse velstandstider meir enn nokon gong at kyrkja er der for dei. Det kan i all ståk og støy frå underhaldningsindustrien og kommersialismen sjå ut til at nordmennene greier seg godt utan Gud og utan den åndelege rettleiing som kyrkja kan gi. Men ser ein nærare etter, er det motsette tilfelle. Den evige lengsla er lagt ned i alle menneskehjarte. Ei vedkjennande kyrkje samlar ikkje først og fremst folket under preikestolen. Den må utfalde seg i dagleglivet, der folket er. For å bera fram bodskapen, må ein vera blant menneska for å finne ut korleis spørsmålet blir stilt av dei som lever no. Det ansvaret må den norske folkekyrkja vedkjenne seg.